



Vår saksbehandlar:  
Elisabeth Gjerde

Sak nr D- 629/19  
Direkte telefonnr.:  
53423154

Vår dato:  
18.11.2019

Dykkar dato:

Vår referanse:  
2018/84-28642/2019

Dykkar referanse:

Alf Karsten Rolfsnes  
Kvednavegen 6  
5420 Rubbestadneset

## MELDING OM VEDTAK OG KLAGERETT - DISPENSASJON -LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT FLYTEBRYGGJE 76/106 ROLFSNES

—  
Me viser til din søknad mottatt 22.01.2018 om prinsippavklaring for storleik på flytebryggje på gnr./bnr. 76/106. Dispensasjonssøknaden vart komplett mottatt 04.12.18.

Søknaden din vart sendt på høyring i perioden 05.12.18-05.01.19 og 13.06.19-13.07.19. Det ligg ikkje føre merknader frå høyringsinstansane.

I samsvar med Bømlo kommune sitt delegasjonsreglement har rådmannen treft følgjande

### ADMINISTRATIVT VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegne §4.8.1 i gjeldande kommuneplan til omsøkt storleik på 12 m x 2,5 m på flytebryggje på gnr.76 bnr.106, Rolfsnes, jamfør plan- og bygningslova §11-6.

Dispensasjon vert gjeve med følgjande grunngjeving:

- Tiltakshavar vil ha stor nytte av flytebryggja med slik storleik i næringa si.
- Tiltaket vil ikkje skapa presedens for andre i Rolfsnesvika.
- Det ligg ikkje føre merknader i saka.

#### Vilkår:

Dispensasjonen gjeld i tre år frå vedtaksdato, jamfør plan- og bygningslova §21-9.

**Me gjer merksam på at fullstendig byggjemelding av flytebryggja må vera handsama og godkjent innan 18.11.2022. Byggjemelding av flytebryggja krev bruk av ansvarsrettssystemet, jamfør plan- og bygningslova §20-3.**

#### Dokument i saka:


- Søknad om dispensasjon mottatt 19.01.2018.
- Svar datert 04.04.18.
- Mottatt nabovarsling, den 07.06.18.
- Diverse korrespondanse vedk. nabovarsling – 07.06.18-04.12.18.
- Sendt på høyring den 05.12.18.

- Sendt på utvida høyring den 13.06.19.
- Uttale frå fiskeridirektoratet 04.07.2019.

**Bakgrunn for saka:**

Du har søkt om prinsippavklaring av dispensasjonsspørsmålet i høve til å kunna leggja ut ei flytebryggja på 2,5m x 12 m gnr.76 bnr.106, Rolfsnes.

Omsøkt tiltak ligg i område som i gjeldande kommuneplan er sett av til småbåtanlegg. Føresegnerne i gjeldande kommuneplan gjev opning for flytebrygger på 15 m<sup>2</sup>. I plan- og bygningslova §11-6 står det at kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området. Flytebryggja sin storleik er i strid med føresegnerne §4.8.1 i kommuneplanen. Tiltaket krev difor dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

**Situasjonsplan:****Bilete av naustet:**

Naustet på 76/106

Saka har vore på høyring til Bømlo Vatn- og avlaupselskap AS, Fiskeridirektoratet, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland. Det ligg ikkje føre merknader i saka.

Temakartet for bevaringsverdiar, utarbeida i 2003, viser ingen friluftsområde, sjøbruksmiljø eller badeplassar.

I høve til riksantikvaren sin kulturminnedatabase/SEFRAK så er det ingen registreringar på tomta.

I høve til naturbase og artskart er det ingen registreringar av prioriterte artar, trua eller nær trua artar. Det er heller ingen registrerte naturtypar i området.

### Vurderingar:

I plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd står det følgjande:

*«Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»*

Dette må sjåast i samanheng med kravet i § 19-1 om at regionale og statlege mynde skal få høve til å uttala seg før det vert gjeve dispensasjon frå planar, plankrav og forbodet i § 1-8.

Konsekvensen av å innvilga dispensasjon er at fylkesmannen kan klaga på vedtaket jf. § 1-9 tredje ledd. Det ligg ikkje føre merknader i saka.

Med heimel i plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 kan kommunen dispensera frå føresegns som er gjevne i medhald av lov. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, eller omsyna i føremålsparagrafen tbl. § 1-1 vert sett vesentleg til side, jf. tbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkåra i § 19-2 er rettslege vurderingar og ikkje eit kommunalt skjønn. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon frå planar skal statlege og regionale rammer og mål leggast særleg vekt på. Sjølv om det etter ein konkret vurdering ligg føre grunnar som tilseier at det kan gjevast dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2, så er det likevel opp til kommunen om ein vil gje avslag.

Etter ordlyden i lova er det såleis ikkje kurant å få dispensasjon. Kommuneplanen er eit resultat av ein omfattande politisk planprosess der offentlege og private, ulike interesse organisasjonar og andre med særlege interesser har hatt høve til å ta del.

Plan- og bygningslova § 19-2 anna ledd, fyrste og anna punktum lyder:

*«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispensereres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.»*

Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men blir behandla etter reglane om reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (07-08) s. 242.

Rådmannen vil understreka at å avgjera om kravet til lova sine vilkår er oppfylt er eit «rettsbrukskjønn».

Det første spørsmålet vert om omsyna bak kommunedelplanen sine føresegner vert «vesentleg tilsidesett» som følge av tiltaket.

Hovudomsynet bak føresegna om storleik på flytebryggjer i sjøområda framfor byggjeområde for fritidsbustader er å unngå at sjøområda i større grad vert privatisert og at ålmenn ferdsel i sjø, tilfrott og anna vert hindra. Tanken bak føresegna har vore at det skal vera plass og tilgjenge for flest mogleg.

Tiltakshavar skriv følgjande:

*Bryggja skal nyttast i samband med næringsverksemd/fiskeri (underteikna er registrert i fiskarmanntalet).*

*76/106 vart overtaken av oss 04.08.1992, med tanke på lagring av fiskeredskap/garnbruk.*

*Naustet på eigedommen er eldre dato, oppført tidleg på 1900-talet.*

*Eigedommen har i dag kaiplass framfor naustet, difor treng me ei bryggje der me kan ta i land bruket for mellom anna reingjering og sjekking av garnbruket.*

*I Rolfsnesvika er det tidlegare gitt løyve til utlegging større bryggjeanlegg, desse viser på vedlagt kartutsnitt.*

*I gjeldande kommuneplan er det lov å leggja ut ei flytebryggje med maks storleik på 15m<sup>2</sup>, dette er alt for lite volum i forhold til vårt not - og garnbruk.*

Presedens og forventningar kan lett verta skapte i slike situasjonar for andre som ynskjer liknande tiltak. Ein eventuell dispensasjon i denne saka vil kunne leggja ei tydeleg føring for andre som har etablert næring/fiskeri i dette område og andre liknande stader i kommunen vår.

Tomta med det eksisterande naustet frå første halvdel av 1900 -talet, vart etablert i 1987. Bruken av tomta, som nausttomt, var såleis lovleg etablert før ein i kommuneplanen endra planstatus for område. Eigar har nyttat tomta til fiskeri/næring sidan overtaking i 1992. Ein sjarkfiskar har gjerne fleire båtar, av mindre og større storleik, i tilknyting til bruket sitt. Rådmannen kan sjå eigaren sitt behov for å letta arbeidet med reingjering og sjekk av garn/nøter. Ei flytebryggje er tenleg for slik bruk og også for å kunna fortøya båtbruket. I telefonsamtale med Rolfsnes den 13.06.19 kunne han også opplysa om at det ved fjære sjø ikkje lengre er mogleg å liggja ved kaien framfor naustet. Ei flytebryggja vert den enklaste løysinga for dei i staden for å utvida kaien. Det er også vanskeleg å koma til for maskinar rundt naustet.

Det er ikkje fleire slike etablerte sjarkfiskarar inne i Rolfsnesvika. Ein dispensasjon i denne saka vil difor ikkje skapa presedens.

Det neste spørsmålet er om «fordelane ved å gje dispensasjon erklart større enn ulempene»:

Innleiingsvis vil rådmannen understreka at personlege grunnar som for eksempel behov for tomt, reint personlege forhold som sjukdom, alder eller liknande, eller at dispensasjonen er naudsynt som ledd i eit arveoppgjer ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonsvurderinga. Personlege og økonomiske grunner styrer ikkje arealbruk og -disposisjon.

#### Fordeler:

- Tiltakshavar får eigedomen betre tilrettelagt for fiskerinæringa si.
- Tiltaket råkar ingen ålmenne interesser.

#### Ulemper:

- Ein dispensasjon på generelt grunnlag kan ha presedensverknad.

- Ulempa med ein dispensasjon er at arealdelen til kommuneplanen kan undergravast som styringsverktøy.

Etter sakshandsamar si vurdering er det klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon, samt at omsyna bak føresegna det vert dispensed frå, eller omsyna i lova sine føremålføresegner, ikkje vert vesentleg tilslidsett. Dei kumulative vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 vert med dette vurdert som oppfylt.

**Beredskap og samfunnstryggleik:**

Ein kjenner ikkje til at det er registrert særskilt fare for flaum eller stein-/snøras i det omsøkte område. Det må i prosjekteringa gjerast naudsynte tiltak for å førebygge brann, flaum, ras etc. i og rundt bygning/eigedom.

**Folkehelse:**

Tiltaket vil letta arbeidstilhøva for eigar, noko som direkte eller indirekte påverkar helsa.

**Oppsummering og konklusjon:**

Tiltakshavar vil ha stor nytte av flytebryggja med omsøkt storlek. Tiltaket vil ikkje skapa presedens for andre i Rolfsnesvika. Rådmannen finn etter ei samla vurdering av saka at det er moment som tilseier at dispensasjonen bør gjevest.

**Gebyr:**

Faktura for dispensasjonsavklaringa vert ikkje tilsendt då tidsfrist for sakshandsaminga er overskride, jamfør plan- og bygningslova § 21 - 7, jf. SAK, kapittel 7.

**Klagerett:**

Søknaden din er avgjort etter fullmakt. Du kan klaga på Bømlo kommune sitt vedtak. Klagen må vera sendt innan tre veker etter at du fekk dette brevet. Du skriv klagen din til Fylkesmannen i Vestland, men du må senda brevet til oss.

Eventuell klage vert å senda på e-post til [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no) eller pr. brev til Bømlo kommune, Arealbruk, Leirdalen 1, 5430 Bremnes. Sjå meir informasjon om klage og klagerett på vedlagt informasjonsark.

Med helsing  
Bømlo kommune  
Elisabeth Gjerde  
Avd. ingeniør  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

Likelydande brev sendt til:

BØMLO VATN OG AVLØPSSELSKAP AS	Hollundsdalen	5430	BREMNES
FISKERIDIREKTORATET	Strandgaten 229	5004	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDALAND	Kaigaten 9	5015	BERGEN
KARMSUND HAVN IKS	Postboks 186	5501	HAUGESUND

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Vestland, justisavdelinga	<b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom de vil klaga på vedtaket de no er gjort kjend med</b>
<b>Klagerett</b>	Du har rett til å klage på vedtaket
<b>Kven kan du klage til?</b>	Klage sender du til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følgje av klagen, sender me klaga over til fylkesmannen i Vestland.
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplyse om datoен for når du fekk dette brevet. Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen. De kan søkje om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjenvast.
<b>Innhald i klagen</b>	De må opplyse om kva for eit vedtak du klagar på, grunn til at De klagar, dei endringane du ynskjer og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
<b>Utsetting av gjennomføringa av vedtaket</b>	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
<b>Rett til å sjå dokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse unnatak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.
<b>Kostnadane med klagesaka</b>	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til dykkar fordel, kan de ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynt for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera dykk merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan tre veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for dykk
<b>Klage til sivilombodsmannen</b>	Dersom du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klage til stortingsombodet for forvaltninga (sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil elle forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom de no får klaga dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan de såleis ikkje seinare føre saka inn for sivilombodsmannen.
<b>Særlege opplysningar</b>	